



Vindafjord kommune  
Rådhusplassen 1  
5580 Ølen

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

## Høyring av søknad om løyve for farleg avfall - Toraneset Miljøpark

**Statsforvaltaren ber om uttale om søknad frå Haugalandet Interkommunale Miljøverk om nytt løyve for mottak, sortering, og lagring av farleg avfall på Toraneset Miljøpark. Me ber om opplysningar om spesielle forhold mv. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden.**

**Frist for kommunal uttale er 01.09.2021. Frist for uttale frå andre parter er 05.07.2021.**

### Bakgrunn

Haugalandet Interkommunale Miljøverk (HIM) driv Toraneset Miljøpark i Vindafjord kommune, kor verksemda inkluderer avfallssortering, biologisk behandling og deponi. Toraneset Miljøpark har løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall frå næringsverksemd etter forureiningslova § 11, datert 26.08.2010. Løyvet er dermed over 10 år gammalt og kan endrast med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd. Statsforvaltaren skal også ta opp løyve til periodisk vurdering jf. forureiningsforskrifta § 36-19.

Statsforvaltaren har i brev 13.04.2021 likevel bedt verksemda sende inn søknad om ny/endra løyve på standardiserte skjema med tilhøyrande vedlegg.

### Industriutsløppsdirektivet (IED)

Det har vore endringar i miljøregelverket sidan løyvet ble gitt, blant anna innføring av Industriutsløppsdirektivet (IED). Toraneset Miljøpark sitt anlegg for farleg avfall er omfatta av krava i forureiningsforskrifta § 36-1 andre ledd. Verksemda kan lagra meir enn 50 tonn farleg avfall samtidig, jf. kategori 5.5 i vedlegg 1 til § 36. BAT-konklusjonane skal takast omsyn til ved ein revisjon av løyvet.

### Saksframstilling

Søknaden gjeld mottak, sortering, og lagring av farleg avfall frå næringsverksemd og hushaldningar på Toraneset Miljøpark.

Lokalitet: Toraneset Miljøpark, Haraldseidvågen 288, 5574 Skjold. Gnr. 151 bnr. 12, 16, 18 og Gnr. 162 bnr. 110 i Vindafjord kommune.

Rammar: HIM ønsker å ta imot alle typar farleg avfall iht. avfallsforskrifta § 11-7 og Vedlegg 1.  
- Årleg mottak farleg avfall: ønsker ingen grense.



- Maksimal mengde farleg avfall lagra samtidig: 300 tonn.

Mottak:	Det er betjent mottak og alt avfall vektregistrerast. Det blir tatt imot farleg avfall (frå hushald) på rampe, eller ved mottaksbygg for farleg avfall. HIM har også mobilt mottak.
Sortering:	Avfall sorterast etter avfallstype og eigenskap, og pakkast i godkjent emballasje. Sortering og oppsamling finn stad i bygg for farleg avfall.
Lagring:	Farleg avfall blir i hovudsak lagra på ferdiglager i bygg for farleg avfall. Nokon fraksjonar lagrast under tak (isolerglassrutar). Impregnert tre lagrast utandørs.
Utslepp til vatn:	Det er ingen punktutslepp frå avfallshandtering. Bygg for farleg avfall har tett dekke og lukka kammer for oppsamling av eventuelt farleg avløp. Avrenning frå impregnert tre lagra utandørs går på sivevatn-systemet til deponi.
Utslepp til luft:	HIM vurderer ikkje støy eller lukt som problem ved farleg avfallsverksemda.

### Statsforvaltarens merknader

Søknaden vil bli behandla i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta), kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova.

Sjå vedlagt søknadsdokument for utgreiing om handtering av farleg avfall, risikokartlegging, og beredskapsplan for HIM sine miljøparkar, inkludert Toraneset Miljøpark.

### Offentleg kunnngjering

Statsforvaltaren vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-8 sørgje for at søknaden vert offentleg kunnngjort i Haugesund Avis. Utgiftene i samband med kunnngjeringa vert dekt av søkjar.

### Utlegging til offentleg ettersyn

Me ber om at søknaden vert lagd ut til offentleg ettersyn på kommunen sin nettstad. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i 4 veker. Saken vil også verte lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland sin nettstad under «Miljø og klima» og «Høyringar»: <https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Hoyringar/>

Uttaler frå interesserte kan sendast Statsforvaltaren i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger, eller til [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no), innan **05.07.2021**, 4 veker frå utleggingstidspunkt.

### Kommunal slutthandsaming

Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler er sett til **01.09.2021**. Kommunen bes innan same tidsrom å innhente uttaler frå eigen organ så langt ein finn dette naudsynt.

Me ønsker spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.



Med helsing

Mariann Størksen  
fung. seksjonsleiar

Elisabeth Time Ellingsen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Vedlegg

- 1 Søknad om ny løyve for farleg avfall Toraneset Miljøpark
- 2 Søknadsskjema og vedlegg

### Kopi til:

Asle Natskår	Busoppveien 71	1349	Rykkinn
TORANESET MILJØPARK	Haraldseidvågen 288	5574	SKJOLD
Turid Bjorland	Solvangvegen 45 B	5519	HAUGESUND
Frøydis Salomonsen	Trodlahaugen 129	5412	Stord
Elise Helene Grindheim	Fossavegen 48	5590	Etne
Stian Halleland	Haraldseidvågen 262	5574	SKJOLD
Ingrid Haraldseide	Astreavegen 4 B	5519	HAUGESUND
Line Alexandra Birkeland	Førresdalen 131	5563	Førresfjorden
Øystein Langelandsvik	Haraldseidvågen 260	5574	Skjold
Geir Øystein Håkull	Vikevegen 122	5574	SKJOLD
Karolina Kvinnesland	Haraldseidvågen 258	5574	Skjold
HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS	Diktervegen 8	5538	HAUGESUND
Jostein Grindheim	Fossavegen 48	5590	ETNE
Bjørn Saltvedt	Styrmannsvegen 24	5535	Haugesund
Gunn Kjellaug Hellvik	Salthelleren 14	4364	SIREVÅG
Gerd Olaug Ruud	Fjellvegen 33	5532	Haugesund
Rita og John Audun Antonsen	Kleivane 15	5538	Haugesund
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Tine Eliassen	Haraldseidvågen 225	5574	SKJOLD
Lars Christian Espenes	Astreavegen 4 B	5519	Haugesund
Jan Gunnar Frøyland	Lensmannsvegen 112	5574	Skjold
Øystein Frøyland	Haraldseidvågen 264	5574	SKJOLD
Joakim Frøyland	Haraldseidvågen 258	5574	SKJOLD
Magnar Frøyland	Vikevegen 20	5574	Skjold
Rudin Atle Frøyland	Portabakken 18 A	5541	KOLNES
Sigurd Grunnaleite	Haraldseidvågen 212	5574	Skjold
Lars Håvardsholm	Olsokveien 11 A	4046	HAFRSFJORD
Velaug Kolbeinsen Frøyland	Portabakken 18 A	5541	KOLNES
Vibeke Frøyland Halleland	Haraldseidvågen 262	5574	SKJOLD
Ole Andreas Haraldseid	Haraldseidvågen 225	5574	Skjold
Ingrid L Sandvik	Haraldseidvågen 289	5574	Skjold
Tor Arne Sandvik	Haraldseidvågen 289	5574	SKJOLD
Asbjørn Alendal	Dalavikvegen 277	5574	Skjold